



Statens vegvesen

NILS KRISTIAN BERGE
HARDANGERFJORDVEGEN 440
5610 ØYSTESE

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 17/19728-4	Dykkar referanse: 17/1197 - 17/32845	Vår dato: 18.12.2017
------------------------------------	---	------------------------------	---	-------------------------

Løyve - Utvida bruk - Avkøyrsla - Fv. 404 - Gnr. 147 bnr. 50 - Sellevoll - Lindås kommune

Vi viser til søknad av 09.01.2017. Vi viser og til vår uttale datert 06.04.2017 og Lindås kommune sitt rammeløyve 20.11.2017. Vi var på synfaring og kontrollerte avkøyrsla 05.12.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsla frå Fv. 404 til eigedom gnr. 147 bnr. 50 i Lindås kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 20.12.2016. I tillegg skal utforming av avkøyrsla følgje krava i *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld einebustad med ei bueining.
3. Av omsyn til trafikktryggleiken og vegvedlikehaldet må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen. Etter avtale på synfaring 05.12.2017 skal fallet i avkøyrsla tilpassast ved asfaltering av avkøyrsla og tilkomstveg, slik at vatn vert drenert til grøft. Dette skal utførast før bustaden vert tatt i bruk.
4. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrse, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

Eigaren eller brukaren av avkøyrse har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[klage på forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan
Prinsippskisse

Prosjekt nr.
2016173

Prosjekt
Situasjonsplan avkjørsel

Blad nr.
#



Eksisterende
avkjørsel fra
fylkesveg 404
Fisikt 4x50m

Eksisterende
mur ca 80 cm


1:500
Situasjonsplan avkjørsel

292700

292750

W112636201 Basiskart som vektordata
Nedlastingsdato: 16.08.2016

Formål
søknadstegninger



ARKOCONSULT AS, Postboks 103, 5291 Valesstrandfossen
Tel.: 56399003 - Fax.: 56191130 - Mob.: 99241511
Mail: post@arkoconsult.no - Org.nr: 997 089 782 MVA

Trosskriver
Nils Kristian Berge
Sigr.
KFTJ
Dato 20.12.16

Prosjekt
Ny enebolig
Kontroll
PKT
Dato 20.12.16

gnr/ bnr 147/50
Lindås
Målestokk
1:500

Tegningsnr.:
74316173A10-2
Format
A3

Type tegning:
Situasjonsplan avkjørsel
BNA (T)ALT (innv.)
24x3 m2
BYA
316,7 m2

I HENHOLD TIL LOVVERK ER DENNE TEIENINGEN I ARKOCONSULT AS SIN EGENDOM. DENNE
TEIENINGEN KAN KVEI BRUKT, OFFENTLIGGJORT, ELLER GIV VIDERE TIL TREDJEPART
OSI TEIENINGEN KAN BRUKTES I FELT SWALA, IKKE TÅMAL DIRRENT PÅ TEIENING BRUK KUN
OPPRITTE MÅL.